



Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Austrheim - 144/8 - oppføre støyskjerm og gangveg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 24.11.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for å oppføre støyskjerm ved Kilstraumen. Det vert også søkt om dispensasjon frå pbl. § 1-8 annet ledd for å anleggje gangveg langs fylkesvegen.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Området har ein komplisert planstatus som kommunen ikkje har gjort greie for i oversendinga, kommunen har heller ikkje tatt stilling til kva som er naudsynte dispensasjonar i saka. I kommuneplanen er området sett som næringsområde. I Bebyggelsesplan for Kjelstraumen er området sett som friluftsområde på land og anna veggrunn. Reguleringsplan for gang/sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftsområde Ulvøy ligg også i området. Det ser ut som den omsøkte gangvegen går litt i LNF-formål og litt i anna veggrunn i denne planen. Vi legg til grunn at kommuneplanen utfyller eldre reguleringsplanar og at nyaste plan gjeld ved motstrid jf. føresegn 1.1 i kommuneplanen sin arealdel. Kommunen må gjere ei grundig vurdering om kva dispensasjonar som er naudsynt. Vi minner også om at ein dispensasjon krev grunngjeve søknad jf. pbl. § 19-1.

Vi gjer elles merksam på at plandokumenta for reguleringsplan for gang/sykkelveg ikkje ligg i planregisteret i Nordhordland, det same gjeld for plankartet til kommuneplanen. Kommunen bør snarast legge dette inn slik at dei er tilgjengeleg for alle.

Etter det vi kan sjå vil gangvegen i stor utstrekning ligge i areal med friluftformål i bebyggelsesplan. Det er føresegn i bebyggelsesplanen som gjeld friluftsområde:



- 4.1.1 Det kan opparbeides en gangvei/brygge langs eiendommens strandlinje i friluftsområdet. Bredden på denne skal være maksimum 1.5 m. Gangvei/brygge skal bygges i en lett konstruksjon som fundamenteres på land eller i fjæra. Gangvei/brygge kan evt. anlegges som flytebrygge utenfor fylling sør for riksveien. I området ved/under bro kan det bygges mindre treplattinger på land for opphold og fiskeplass.

Bebyggelsesplanen opnar for ein gangveg i friluftsområdet. I søknaden er det ikkje spesifisert korleis vegen skal byggast. Om den ikkje skal vert bygt i samsvar med føresegn 4.1.1 vil det vere naudsynt med dispensasjon frå føresegna.

Vi kan ikkje sjå at det er lagt inn ei byggegrense i kommuneplanen, og legg difor til grunn at det er naudsynt med dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8. Kommunen må vurdere om viktige omsyn i strandsona som landskap, grønstruktur, naturmangfald og friluftsliv vert sett vesentleg til side. Det er store friluftinteresser i sjøen i dette område, som gjer landskap sett frå sjø til eit sentralt tema.

I søknad om dispensasjon er det ikkje grunngjeve kvifor ein ønsker å bygge denne vegen. Kommunen ser på det som eit trafikktryggleikstiltak langs veg, men vegen er anlagt meir som ein liten tursløyfe i strandkanten til og frå Kilstraumen brygge. Tursløyfa kryssar fylkesvegen to gangar, og kan føre til auka kryssing av fylkesvegen. Kommunen må vurdere trafikktryggleiken grundig.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER